

Velkommen til Ordrik!

Ordrik er eit program som gir deg nynorske synonym og fungerer som ei fullintegreert synonymordliste i Microsoft^(R) Office. I tillegg til synonym gir ho nynorsk omsetjing av sentrale bokmålsord.

Ordrik er laga for deg som skriv nynorsk og er særleg nyttig i to situasjonar. Når du sit og skriv og vil finne andre måtar å uttrykkje deg på, kan du slå opp i synonymordlista og finne alternative ord. Eller kanskje hugsar du berre bokmålsordet og kjem ikkje på kva det same heiter på nynorsk. *Då kan du slå opp i Ordrik og finne forslag til nynorsk omsetting!*

I tillegg bøyer *Ordrik* automatisk synonyma i same form som oppslagsordet, slik at du kan setje erstatningsordet rett inn i teksten. Gjennom skiljet mellom hovudformer og sideformer ser du om eit nynorskord er lovleg for deg å bruke. Der er regelen at i offentleg forvaltning og i lærebøker kan ein berre bruke hovudformer, elles kan ein bruke alle formene.

Ordrik fungerer heilt likt andre synonymordlister for Microsoft Office. Du som er vant til å bruke slike ordlister, vil fort kjenne deg att. *Ordrik* er klar til bruk etter installasjonen, men hugs at alle språkverktøya i Office følgjer det språket du har valt. Du må såleis bruke engelsk språk for engelske tekstar, bokmål for bokmålstekstar og nynorsk for nynorsktekstar.

Dersom du treng litt meir rettleiing, kan du lese punktet om hurtigstart, eventuelt den meir detaljerte rettleiinga lenger nede.

Hurtigstart

Det er enkelt å kome i gang med *Ordrik*, fordi arbeidsmåten er lik bruken av andre synonymordlister i Office. Vi viser her eksempel frå Word.

Word versjon 2000, 2002, XP


A. Kontroller at språket er sett til nynorsk, slik: Merk heile teksten og gå inn på

Verktøy | Språk | Angi språk


og vel nynorsk. Dette må du også gjere dersom du skal bruke nynorsk stavekontroll i Word. (Dersom du nyttar nynorsk som standardspråk, kan du hoppe over dette punktet.)

B. Klikk på ordet du ønskjer synonym for. Du har to alternative vegar vidare:

Alternativ 1: Høgreklikk med musa og vel *Synonymer*. Dei første åtte synonyma kjem fram på hurtigmenyen.



Alternativ 2: Trykk Shift + F7. Du får opp ein dialogboks, der du har synonymgrupper i venstre del, og synonyma for kvar gruppe i høgre del.



Test sjølv: Du kan teste sjølv direkte i dette dokumentet med eksempelsetninga:
 ”Mange ser fram mot det gode liv som pensjonist.”

Word 2003


A. Kontroller at språket er sett til nynorsk, slik: Merk heile teksten og gå inn på

Verktøy | Språk | Oppgi språk


og vel nynorsk. Dette må du også gjere dersom du skal bruke nynorsk stavekontroll i Word. (Dersom du nyttar nynorsk som standardspråk, kan du hoppe over dette punktet.)

B. Klikk på ordet du ønskjer synonym for. Du har to alternative vegar vidare:

Alternativ 1: Høgreklikk med musa og vel *Synonymer*. Dei første åtte synonyma blir vist på hurtigmenyen.



Alternativ 2: Trykk *Shift + F7* eller klikk på høgre musetast og vel *Slå opp*. Du får opp ein vertikal boks til høgre på skjermen, med overskrifta *Oppslag*. Her står synonymgruppene lista opp nedover, med aktuelle synonym under kvar gruppe.



Test sjølv: Du kan teste sjølv direkte i dette dokumentet med eksempelsetninga:
”I tillegg til synonym gir Ordr̄rik nynorsk omsetjing (oversettelse) av sentrale bokmålsord.”

Integrasjon med Microsoft Office

Ordrik blir integrert med Microsoft^(R) Office frå versjon 2000 og nyare. Det fungerer som ei vanleg synonymordliste i Office og er underlagt dei same vilkåra for bruk. Installasjonen integrerer *Ordrik* automatisk i den Office-versjonen som ligg på maskina di.

Følgjande vilkår må vere oppfylte for at *Ordrik* skal fungere saman med Office:

- Krev Microsoft Office versjon 2000 eller seinare.
- Språk er sett til *Norsk (nynorsk)*.

Bruke *Ordrik* i Microsoft^(R) Word

Sett språket til nynorsk. Dette gjer du på *Verktøy | Språk | Oppgi språk*. Dersom du ikkje har nynorsk som standardspråk, må du merkje teksten før du omdefinierer språket. Dette er standardvilkår i Word som også gjeld for stavekontrollen, og er ikkje spesielt for synonymordlista.

Du kan bruke synonymordlister i Word på 3 ulike måtar. Dette er felles for alle synonymordlister og gjeld også *Ordrik*.

Menyval eller tastekommando

Klikk på ordet i teksten og aktiver synonymordlista med menyvalet *Verktøy | Språk | Synonymordbok* eller tastekombinasjonen **Shift + F7**. Du får opp synonym til ordet markøren står på. Ordet du vel blir lagt rett inn i teksten og erstattar det gamle. Måten du vel ordet på er avhengig av Word-versjon, anten dobbelklikk, knapp eller menyval under høgreklikk.

Hurtigmeny

Når du høgreklikkar på eit ord, får du opp Word sin hurtigmeny og kan velje **Synonym**. Klikk det alternativet du ønskjer og ordet blir lagt inn i teksten og erstattar det gamle.

Merk! På hurtigmenyen blir berre dei 8 første synonyma vist, uavhengig av kor mange som er tilgjengeleg og om dei ligg i grupper med ulikt meiningsinnhald. Skal du få fram alle synonyma, må du bruke menykommando eller tastekommando.

I Word er synonymordlistene delvis påverka av stavekontrollen. Når stavekontrollen er aktiv og eit ord blir markert med raud strek (som ukjent eller feil), er synonymordlistene ikkje tilgjengeleg på hurtigmenyen med høgreklikk. Ein praktisk konsekvens av dette for bruk av *Ordrik* er at omsetting av bokmålsord ikkje er tilgjengeleg på hurtigmenyen når stavekontrollen er aktiv. Du må då bruke dei andre måtane å aktivere synonymordlista på.

Spesielt for Microsoft^(R) Word 2003

For Word 2003 gjeld følgjande endringar og tillegg:

- I Word 2003 kjem synonyma opp i oppslagsruta til høgre på skjermen, i staden for ein dialogboks midt på.
- Oppslagsruta kan også brukast til separat oppslag av eit ord, med **Verktøy | Oppslag**, eller **Slå opp** på hurtigmenyen under høgreklikk. I feltet for val av ordbøker, standardvising *All referanselitteratur*, kan du velje *Synonymordbok: Norsk (nynorsk)*.
- Alternative ordgrupper som homonym (likeskrivne ord) kan bli vist saman med synonyma. Sjå meir om homonym i kapitlet *Synonymgrupper*.
- Du får tilgang til lenkjer som slår opp ord med ordforklaringar i eksterne ordbøker.
- Tastaturspråk blir sett til *Norsk (nynorsk)*. Når du startar *Ordrik* første gongen i eit dokument, blir denne innstillinga kontrollert og automatisk justert. Språket blir automatisk sett tilbake til standard når du avsluttar Word.
Merk! Skal du skrive eit bokmålsdokument etterpå, utan å avslutte Word, må du setje tastaturspråket tilbake til bokmål.


Bruke *Ordrik* i andre program i Microsoft^(R) Office 2003

Over alt i Microsoft^(R) Office 2003 der du har tilgang til oppslagsrute, kan du også slå opp i *Ordrik*, som ligg som alternativ blant annan referanselitteratur og oppslagsverk. Dette gjeld Word, Excel og Powerpoint^(R). Dessutan i Outlook^(R) og Microsoft Internet Explorer 6^(R). Sjå dokumentasjonen i dei ulike programma om oppslag.

Konfigurering

I *Ordrik* er det mogleg å få vist ulike slag synonym. Forskjellige brukargrupper har ulike behov og synonyma er av ulik karakter. Gjennom å gruppere synonyma er det mogleg å velje ut det ein har mest bruk for. Les meir i kapitlet om [synonymgrupper](#).

Bruk programmet *Konfigurering Ordrik* til å konfigurere synonymordlista. Du finn eit oppstartsikon under *Programmer* i Microsoft^(R) Windows. I konfigureringsprogrammet finn du følgjande faner:



Dersom nokon av avkryssingsboksane er deaktivert (markert med grått), tyder dette at alternativa ikkje er tilgjengeleg i den Office-versjonen du bruker.

Innstillinger

Ordrik er ei synonymordliste og vil alltid vise generelle synonym til ordet du slår opp. Synonyma blir bøygde i same form som oppslagsordet, slik at du kan setje ordet rett inn i teksten og erstatte ordet du slår opp.

Merk! Ord i fleirordsuttrykk blir ikkje bøygde i versjon 1.0.

I tillegg til generelle synonym kan programmet vise:

Nære synonym. Dette er ord som er like i mening, men har ulik stil.

Eksempel: *skole* og *skule*. Gruppert i *Ordrik* under overskrifta *Nære synonym*.

Relaterte ord. Nærslekta ord, gjerne med ei anna ordklasse.

Eksempel: *aggresjon* (subst.) av *aggressiv* (adj.). Gruppert under overskrifta *Sjå også*.

Omsetting av bokmålsord. Gir sentrale nynorske avløyssarord til bokmålsord.

Eksempel: *anerkjennelse* gir *ros*, *godkjenning* m.fl. Gruppert under overskrifta *Omsetjing frå bokmål*.

Homonym. Dette er ord som blir skrivne likt, men har ulik tyding og ofte ulik ordklasse.

Eksempel: *boksar* av *boksar* (subst. eint.) og *boks* (subst. fleirt.) Gruppert under overskrifta *Homonym*.

Merk! Homonym er tilgjengeleg berre i Microsoft Office 2003.

Eksterne ordlenkjer. Lenkje som tek deg vidare til utfyllande ordforklaring på det aktuelle ordet. Gruppert under overskriftene *Nynorskordboka* eller *Bokmålsordboka*.

Merk! Lenkje er tilgjengeleg berre i Microsoft Office 2003.

Vis sideformer. Sideformer er ord som er tillatne innanfor rettskrivinga, men som ikkje kan nyttast i offentleg forvaltning eller i lærebøker. Fordi ikkje alle har lov til å bruke sideformer og det såleis er nyttig å skilje dei ut, kan du få vist dei med koden (sf) som tilleggsinformasjon. Sideformene er integrert i dei andre gruppene og ikkje markert som sjølvstendig gruppe.

Lisens

Under fana *Lisens* finn du kva lisenstype du har og kor lenge lisensen varer.

Merk! Dersom du legg inn ny lisens, må du starte Word på nytt før du kan bruke *Ordrik*.

Om

Her ligg diverse produktinformasjon og lenkje for kontakt med Nynodata.

Synonymgrupper

I Nynorskordboka er eit synonym definert som "ord med same eller nesten same tyding som eit anna ord". Ei utfordring for ei synonymordliste er å vise brukaren mangfaldet av alternative ord og samstundes gi god oversikt.

Ordrik løyser dette gjennom å gruppere synonyma i ulike kategoriar etter kor nær dei ligg oppslagsordet i tyding, og etter stilistiske og normative kriterium. Slik gir *Ordrik* svært presis tilbakemelding på det du er ute etter. Du kan sjølv avgjere kva kategoriar du vil vise.

Desse kategoriane er tilgjengeleg:

Nynorskord for bokmålsord

Hjelp til å finne nynorske erstatningsord for bokmålsord er ein viktig del av *Ordrik*. Her får bokmålsbrukarar og utrygge nynorskbrukarar hjelp til å uttrykkje tankar og meiningsinnhald når dei skriv nynorsk. Skriv inn bokmålsordet i teksten og få direkte opp på skjermen nynorske alternativ, ferdig bøygd i same form som bokmålsordet!
Eksempel: *anerkjennelse* (bokmål) gir nynorsk *ros*, *godkjenning* m.fl.

Nære synonym

Dette er ord som i praksis er identiske i tyding, men som av stilistiske årsaker har ulike skrivemåte. Bakgrunnen er mangfaldet av valfire ordformer som finst på nynorsk.
Eksempel: *utdanning/utdaning*, *skole/skule*.

Generelle synonym

Dette er ord som har same tematiske innhald som oppslagsordet, men som ikkje alltid tyder det same. Meiningsinnhaldet du skal uttrykkje avgjer kva ord du kan bruke. Gjennom å lese gjennom synonymforslaga får du hjelp til å finne ord som passar inn i samanhengen. Generelle synonym er basisinformasjonen i ordrik og kan ikkje koplast ut.

Sideformer

Sideformer er ord som er vanlege i fleire dialektar, men har ein lågare status i norsk rettskriving. Sideformer kan ikkje brukast i lærebøker eller i dokument frå offentleg forvaltning, men er lovlege i andre samanhengar. Det er altså brukssituasjonen som avgjer om desse synonyma kan nyttast eller ikkje.
Eksempel: *sette* (sideform) av *setje* (hovudform).

Homonym

Ein del ord har same skrivemåte, men heilt ulik mening. Stundom er dei bøygdte former av ulike ordklasser. I *Ordrik* er orda grupperte etter ordklasse eller mening, og lettar slik arbeidet med å finne eit godt erstatningsord.
Eksempel: *boksar* (subst. eint.) og *boksar* (subst. fleirt. av *boks*)

Om Ordrik

Rettsnavar

Rettsnavar til produktet *Ordrik* er Nynodata AS.

Adresse: Telemark forskings- og næringsssenter, 3800 Bø i Telemark

Telefon: +47 - 35 06 15 80, telefaks: +47 - 35 06 15 01.

Heimeside: www.nynodata.no eller www.skrivehjelp.no, e-post: firmapost@nynodata.no

Kjelder

Ordrik bruker informasjon frå ulike kjelder etter løyve. Informasjonen er integrert i produktet av Nynodata AS, og dei ulike kjeldeleverandørane står ikkje ansvarleg for resultatet av integrasjonen og ulike data. Kjeldene er:

- Nynorsk synonymordliste (1993) frå Dag og Tid og Åsmund Forfang.
www.dagogtid.no.
- Elektronisk utgåve av Nynorskordboka og Bokmålsordboka. Utarbeidd av Seksjon for leksikografi og målføregransking på Institutt for lingvistiske og nordiske studier (ILN) ved Universitetet i Oslo i samarbeid med Språkrådet.
<http://www.dokpro.uio.no/ordboksoek.html>

Integrasjon med tredjepartsprodukt

Ordrik er integrert med Microsoft_(R) Office, frå versjon 2000 og nyare.

Microsoft, Windows, PowerPoint, Outlook, Microsoft Internet Explorer 6, er anten registrerte varemerke eller varemerke til Microsoft Corporation i USA (United States of Amerika) og andre land.